


**PÅ GRØN  
GRUNN TRE  
SØLV SPADAR**

Våpenet er godkjent ved kgl. res. 2.11.1984 og er teikna av Egil Korsnes. Dei tre spadane vart valde avdi jordbruk og sanddrift har vore og er hovudnæringa i Modalen. Jordbruket ligg òg til grunn for valet av grønfargen i skjoldet.



#### MODALEN

Modalen har namn etter garden og kyrkjestaden Mo «flat sandstrekning». Førsteleddet i Otterstad er helst mannsnamnet Ottar, medan Nottveit truleg er ei avleiing av gno. nøt «nøtt». Helland er skriva Hælghalande i BERGENS KALVSKINN (1360). Førsteleddet er avleidd av gno. heilag «heilag». Same opphav har Herland i Arna, også skriva á Hælghalande i 1360.

Mot Mostraumen – med den smale fjorden innanfør og den lange, tronge Modalen oppover mot fjellheimen.

### OLAV NYGARD (1884–1924)

Til fjells, til høgd og vidd, det er mi trå,  
til topp og tind, og låge, lyrmd dalar;  
til fjells der bekken græt og vinden svalar,  
der ørnen ror i reine himmelblå.

Det er den stillfarande, skarpskorne lyrikaren Olav Nygard som talar; ein kresen klassikar, med dikt så formfaste som antikkens skulpturar. Ingen stor produksjon let han etter seg, berre fire små bøker. Men i kvalititet ruvar livsverket hans.

Olav Nygard var fødd på fjellgarden Krossen øvst i Modalen. Han vaks opp i ein syskenflokk på ti, som den nest yngste, og alt i guttedagane byrja han å skriva dikt.



I 1913 gav han ut diktsamlinga «Flodmaal», deretter «Runemaal» (1914) og «Kvæde» (1915). I mange år var han tyngd av økonomiske vanskar, sjukdom og depresjonar. Han tok seg svært nær av at dikta hans vart så lite påakta i samtida, både av kritikarar og av vanlege folk. Det å skriva dikt var i den harde kvardagen oppfatta som ein unyttig ting; å sluntra unnan arbeidet. Under tyngsla av mot-

gang og sjukdom braut hans lyriske kraft fram som aldri før, og han gav ut si ypperste bok, «Ved vebande» (1923). Hovudtema i Nygards lyrikk er ættesamanhengen, diktarens kall og ansvar, kjærleiken, døden og løyndommene i den indre røyndommen. Dikta hans kan ha noko visjonært, tildels ekstatisk ved seg (©152).